



ULVIK HERAD

KOMMUNALT KONSESJONSREGLEMENT FOR FILM OG VIDEO I ULVIK HERAD

§1. VERKEOMRÅDE

Reglementet gjeld tilhøve som er regulerte i Lov om film og videogram av 15.mai 1987 nr.21 ajourført med endringar, seinast 7.mai 1998 og føresegner om film og videogram gjeve av Kulturdepartementet 20.des.1999.

Konsesjonsvilkåra gjeld alle som i medhald av Lov om film og videogram i Ulvik herad har konsesjon for omsetnad av film og videogram i næring.

§2. KRAV TIL KONSESJON

Alle som vil leige ut, selja eller på annan måte omsetja film, videogram eller tilsvarande til forbrukar skal ha kommunal konsesjon.

Film og video omsetnad utanom næring treng ikkje konsesjon. Det gjeld framsyning i bibliotek, lag og organisasjonar, filmklubb, produktdemonstrasjon, informasjonsprogram o.l. der det ikkje vert krevd særskilt betaling som framsyninga.

Konsesjon vert gjeve til forretning som juridisk person med spesifiserte forretningslokale og med registrert eigar/dagleg leiar.

§3. KOMMUNALT LØYVE

Med heimel i §2 i Lov om film og videogram, er konsesjonsmynde lagt til formannskapet. Det skal søkjast formannskapet om løyve til framsyning og omsetnad av film og videogram i næring.

Klage på vedtak om konsesjon, kan leggjast fram for heradsstyret, som tek endeleg avgjerd.

§4. GENERELLE KONSESJONSVILKÅR

Konsesjon vert innvilga dersom søkjar fyller dei formelle krav som vert stilt i lovverket og vidare aksepterar dei kommunale konsesjonsreglane.

Personar som er fylt 18 år kan gå i gang med omsetnad av film og videogram.

§5. KOMMUNALE KONSESJONSVILKÅR

- Personar som har drive omsetnad av videogram etter 31.12.87 utan å vera registrert i videogramregisteret, samt personar som omset videogram utan registreringsmerke vert nekta konsesjon.
- Videogramutleige skal berre føregå over disk.
- Det vert stilt krav om konsesjonssøkjjar sin vandel. Straffelova sine paragrafar 211 og 382 er her retningsgjevande
- Brot på konsesjonsvilkåra vil medføre inndraging av konsesjonen.
- Kinodrift skal vera kommunalt. Det kommunale kinomonopol gjev ikkje private høve til å søkja om konsesjon til kinodrift.
- Den som driv omsetnad av videogram som hovudnæring pliktar å ha eit rimeleg uval av det som er på marknaden av norsk film, barnefilm og importert kvalitetsfilm. Dersom dette vilkåret ikkje er oppfylt, kan konsesjongjevar påleggje konsesjonshavar å supplera tilbodet sitt: For forretningar som har sal av videogram som binæring vert eit noko meir spesialisert utval godteke. Ved utleige og sal av video skal tilbodet til ulike aldersgrupper vera spesifisert. Den prosentvise del av barnefilm og norsk/nordisk film skal stå i eit rimeleg høve til totaltilbodet. Tilbodet bør utgjera minimum 20% av totaltilbodet.

§6. KONSESJONSTID

Konsesjon vert gjeve for ein periode på opptil 5 år.

Ulvik herad og Medietilsynet har rett til å gjennomføre naudsynt kontroll med at den løyvepliktige verksemda blir driven i samsvar med dei reglane som gjeld.

Formannskapet kan trekkja ein konsesjon attende dersom konsesjonshavar sett seg ut over dei reglar som fylgjer av lov, føresegner eller konsesjonsvilkår.

§7. IVERKSETJING

Desse konsesjonsvilkåra tek til å gjelda frå 02.11.05. Ny verksemd kan fyrst setjast i gang når det er gjeve konsesjon.